



Studentrådet ØK

Møteinnkalling Studentrådet Økonomi

Dato: 31.01.2024

Tid: 16:15-18:00

Stad: M52 på Adolf Øien og 2-335 Topaz og Teams

Møteleiar: Kristi Bjørhusdal

Referent: Kristin Eggen

Saksliste:

Godkjenning av innkalling og siste møtereferat.

Runde rundt bordet, nemn gjerne litt om korleis stemninga er blant studentane ved instituttet ditt og kva de har jobba med sidan sist relatert til vervet [10 min].

ØK-sak 01/24 Orientering om året

Saksbehandlar: Kristi

Type sak: Orientering og diskusjon

Tid: 15 min

I løpet av året er det mykje som skal gjerast, og me tenkjer difor gå gjennom planane for det komande året. Før møtet ynskjer me at alle ITV-ar tenkjer gjennom og førebur seg på følgjande: kva vil de oppnå dette semesteret? Kva saker er viktige for deg og instituttet ditt? Ha eit par kjernesaker klar før møtet.

ØK-sak 02/24 Oppgaver og ansvarsområde for ITV

Saksbehandlar: Johanne

Type sak: Orientering

Tid: 10 min

Ein gjennomgang av kva oppgåver og ansvarsområde ein har som ITV.

ØK-sak 03/24 Seminar

Saksbehandlar: Frida

Type sak: Orientering

Tid: 5 min

Det er snart tid for seminar! Den 9.-11. februar reiser me til Frosta saman med Studentrådet IV (ingeniørvitskap) for ei helg fylt med fagleg og sosialt innhald. Merk at seminaret er obligatorisk for medlem i studentrådet. Fredag den 9. februar er det også tillitsvaltkonferanse i Trondheim, som me vil tilrå alle som har moglegheit til å delta på.

ØK-sak 04/24 Praktisk informasjon og T-området

Saksbehandlar: Kristin Eggen

Type sak: Orientering

Tid: 10 min

ØK-sak 05/24 Felles kontortid for ITVane på ISØ og HHS

Saksbehandlar: Andrea

Type sak: Orientering og diskusjon

Tid: 15 min

Mange institutt har kontortid for ITVane, der det er mogleg for studentane å kome innom for å spørje om ting eller berre slå av ein prat. Dette er også ei fin moglegheit for ITVane sjølv å finne ut kva som rører seg blant studentane og korleis stemninga er. Me ynskjer å løfte forslaget om at ITVane på ISØ og HHS har ei felles kontortid, og kva de tenkjer om dette.

ØK-sak 06/24 Tiltak etter psykososial undersøking

Saksbehandlar: Kristi

Type sak: Diskusjon

Tid: 15 minutt

Annakvart år gjennomfører ITVane på kvart institutt ei psykososial undersøking for å kartleggje korleis studentane har det. Kva resultat har de fått på dei siste undersøkingane, og kva tiltak har de sett i verk eller tenkjer de å setje i verk? Gjerne førebu dykk litt på førehand.

ØK-sak 07/24 Tiltak etter psykososial undersøkning

Saksbehandlar: ITVane i Gjøvik

Type sak: Orientering

Tid: 5 minutt

Gjøvik orienterer om ei undersøkning dei har halde.

Eventuelt [5 minutt]

Møteevaluering [5 minutt]

Diggerunde [5 minutt]

Har du spørsmål eller saker du ynskjer å ta opp på møtet, send dei inn til oss på mailen vår: ok-ftv@studentrad.ntnu.no.

Det er obligatorisk oppmøte for sittande medlem av Studentrådet, difor må de gje beskjed til konsulent Kristin om du ikkje kan kome.

***Kristi Bjørhusdal, Johanne Dobbe Flemmen, Frida Strand Løken og Andrea Felicia Bakkeheim
Myhre***

Fakultetstillitsvalte ved ØK